



Fedje kommune

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 25.04.2022
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 18:00

Møtet var flytta frå 26.04 til 25.04.22

| Møtedeltakarar | Parti |
|---------------------------|--------------|
| Stian Herøy | H |
| Hans Erik Waage | Ap |
| Kamilla Bjerkholt Karlsen | Ap |
| Marit Solbakk Øien | Frp |

| Møtedeltakarar vara | Parti |
|----------------------------|--------------|
| Silje Sulen Gullaksen | H |

| Forfall meldt frå følgjande medlemmar: | Parti |
|---|--------------|
| Bjørn Solbakk | Frp |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Olav Mongstad, Øyvind Tolleshaug

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 043/22 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste |
| 044/22 | Godkjenning av møtebok |
| 045/22 | Referatsaker |
| 046/22 | Delegerte saker |
| 047/22 | Delegerte saker teknikk og miljø |
| 048/22 | Søknad om rammeløyve for utviding av gravplassen i Bøgardsvika. |
| 049/22 | Driftsavtale ungdomskontakten Salto 2022 - 2024 |
| 050/22 | Eventuelt formannskapet 25.04.2022 |

043/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 043/22 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

044/22: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 044/22 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

045/22: Referatsaker

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

Rådmannen orienterte munnleg:

- Årsmeldinga 2021 vart delt ut. Skal i kontrollutvalet i mai, og formannskapet/kom.styret i juni.
- Møteplan neste år: Sjå på om revisjonen opererer med andre fristar enn vår møteplan for rekneskap og årsmelding.

- Legesituasjonen i dag. Hadde ein plan framover, men pga akutt sjukdom må ein lage ny plan. Har ikkje legevikar på dagtid denne veka og halve neste. Nordhordland legevakt har legevakta om kveld og helg. Informasjon på skjerm butikken, samt Fedje kommune sine sider. Meldt inn til fylkeslegen og AMK-sentralen.

- Økonomi: Tertialrapport i juni med meir nøyaktige tal. Melder allereie no at legetenesta vil verte noko dyrare i løpet av året pga. vikarinnkjøp og avtalen med NH legevakt.

-Sommarskolen/astronomi. Har kjøpt inn. Låg oppslutning frå ungane så langt.

F - sak 045/22 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

046/22: Delegerte saker

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 046/22 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

047/22: Delegerte saker teknikk og miljø

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 047/22 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

048/22: Søknad om rammeløyve for utviding av gravplassen i Bøgardsvika.

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 048/22 Vedtak:

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer formannskapet følgjande vedtak :

Fedje kommune v/Fedje kyrkjelege fellesråd får rammeløyve til å utvida gravplassen ved Bøgardsvika slik dei har søkt om.

Samrøystes vedteke.

049/22: Driftsavtale ungdomskontakten Salto 2022 - 2024

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

F - sak 049/22 Vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til vidare samarbeid med Alver kommune om Ungdomskontakten Salto.

Samrøystes vedteke.

050/22: Eventuelt formannskapet 25.04.2022

Formannskapet 25.04.2022

Behandling:

Spørsmål frå Kamilla Karlsen (Ap):

Kor står saka om ny sjukeheim står no? Saka vart vedteken i økonomiplanen i desember. Tenkjer ordføraren at gruppa framleis skal vere ein del av denne saka, eller korleis ser han for seg at saka vert jobba vidare med?

Ordførar svarte:

Dette er ei kommunestyresak.

F - sak 050/22 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
